



Arne Stusdal
Lurevegen 356
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3550 - 16/31641

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
17.11.2016

Registrert feil på slamavskiljer - gbnr 156/35 Lie Nordre

Lindås kommune har 08.11.2016 motteke melding frå Johny Birkeland Transport om lause skiljevegger på slamavskiljer på egedommen.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Feil på slamavskiljer må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett **10.12.2016**.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre dette arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.





LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID

Skjemaet skal sendast straks etter at avløpsleidningen/avløpsanlegget er utbetra til:
postmottak@lindas.kommune.no eller til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

ArkivsakID: 16/3550
Gbnr: /
Adresse:
Tiltak: Velg
Eigar/styrar/festar:

Skal fyllast ut av eigaren av anlegg/leidning:

Kort utgreiing om arbeidet:	
Arbeidet er utført av:	
Stad og dato:	Underskrift:

Vedlegg: Fotodokumentasjon på utført arbeid

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Stusdal

Lurevegen 356

5912

SEIM